Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
23.10.2018
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2018/3918 542.1
Dykkar referanse
«REF»

Engesund Fiskeoppdrett AS
sveg@engesund.no

Endring av løyve for Engesund Fiskeoppdrett AS for postsmoltproduksjon på lokaliteten Ådnekvamme i Masfjorden

---

Engesund Fiskeoppdrett AS får løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 100 tonn MTB matfisk (postsmolt) av laks og aure på lokalitet 30196 Ådnekvamme i Masfjorden kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.
Engesund Fiskeoppdrett AS skal overvake miljøtilstanden i det ytste bassenget i Masfjorden med oksygenmålingar (profilar) minst to gonger årleg.

Vi viser til søknad frå Engesund Fiskeoppdrett AS datert 16. mars 2018 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune den 19. mars 2018 og med ettersending av utale frå Masfjorden kommune18. juli 2018.

Søknaden

Engesund Fiskeoppdrett søkjer om endra anleggskonfigurasjon og forlenging av utsleppsløyvet frå 30. mars 2016. Søknaden inneber etablering av lukka flytande betonganlegg for postmoltproduksjon for grønt løyve. Det er søkt om ein produksjon på 100 tonn. Produksjonen skal gå føre seg i eit lukke anlegg men utan oppsamling av organisk materiale.

Innkomne merknader etter offentleg høyring

Etteroffentleg høyring kom det inn merknader frå Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet.

Tilhøvet til plan

Området er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan for Masfjorden kommune.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Produksjonen skal føregå i eit lukka system (betongkar) med reinsing av inntaksvatnet for å unngå lus på fisken. Denne produksjonsforma skal ha mindre påverknad på lokale og regionale bestandar av anadrom fisk.

Vurdering

For vurdering av miljøtilhøve og naturmangfald viser vi til vårt vedtak av 30. mars 2016. Engesund Fiskeoppdrett fekk då avslag på søknad om utsleppsløyve på 1 560 tonn MTB, men løyve til endra anleggkonfigurasjon. Løyvet vart gitt for ei tidsavgrensa periode og gjeld ut 2018.

Løyvet vart redusert til 400 tonn MTB i vedtak 11. mai 2017 som følgje av redusert miljøtilstand i Masfjorden. I store delar av fjorden hadde oksygennivået blitt redusert til uakseptabelt lågt nivå. Miljøtilstanden var dårlegast i det inste og største bassenget som ligg innanfor terskelen ved Straumsneset. Djupvatnet i det ytre bassenget hadde og oksygenverdiar lågare enn kravet etter vassforskrifta om minst god økologisk tilstand.

Engesund Fiskeoppdrett AS søkjer no om vidareføring av løyvet på Ådnekvamme men med langt lågare produksjon enn tidlegare. Samstundes har søknaden manglar. Det har vore sterkt fokus på miljøtilstanden i Masfjorden og det kritiske punktet med oksygenmetning i djupvatnet er ikkje gjort greie for i søknaden. Det er ikkje gjort oksygenmålingar sidan hausten 2016. Fylkesmannen kjenner difor ikkje utviklinga i fjorden sidan den gong.

Sjølv om det skal vere ei lita produksjon på lokaliteten Ådnekvamme, er det viktig at miljøtilstanden blir overvaka. Målet i vassforskirifta om minst god økologisk tilstand inneber at det skal vere minst 50% oksygenmetning i djupvantet i bassengvatnet.

Konklusjon

Sjølv om søknaden har manglar meiner vi at dette tiltaket har såpass lita produksjon at risiko for miljøet er avgrensa. Det er like fullt viktig at Engesund Fiskeoppdrett overvaker resipienten med oksygenmålingar (profilmålingar) i den djupaste delen av det ytre bassenget to gonger årleg, i mai og i november.

Drifta i eit lukka betong anlegg får andre vilkår enn eit merdanlegg, det blir difor naudsynt å endre utsleppsløyvet frå 2012.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 7, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 12 800 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betyding for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Henriette Ludvigsen
overingeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL

Fylkesmannen i Hordaland

Utsleppsløyve etter forureiningslova for matfiskproduksjon til Engesund Fiskeoppdrett AS

Fylkesmannen gjev Engesund Fiskeoppdett AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 16. mars 2018 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå 23. oktober 2018.

Løyvet er gjeve på dei vilkår som er sett i dette dokumentet med vedlegg. Dette løyvet er berre gyldig etter vedtak i Hordaland Fylkeskommune etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta. Fylkeskommunen kan gjere vedtak om lågare produksjonsramme og den ramma vil vere gjeldande.

Fylkesmannen kan endre løyvet i medhald av forureiningslova § 18.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	**Engesund Fiskeoppdrett AS**
Lokalitet	30196 Ådnekvamme
Besøksadresse	Engesund
Postadresse	Postboks 64
Postnummer og poststad	5419 Fitjar
Kommune og fylke	Masfjorden, Hordaland
Org.nummer (verksemd)	944 819 967
Lokalisering av anlegg (Euref89/WGS84)	60° 49,926’ N, 5° 21,306’ E
NACE-kode og bransje	03.211
Kategori for verksemda[1]	

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse
2018.0899.T	**1266.0029.02**	

Løyve gitt: 23.10.2018	Endringsnummer:	Sist endra:
Henriette Ludvigsen overingeniør	Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	

Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.

[1] Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) av 06.01.2004, nr. 931, kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven

1 Produksjon – ramme for løyvet

Løyvet gjeld ureining frå oppdrettsproduksjon av matfisk (postsmolt) av laks og aure. Løyvet gjeld for ein produksjon på inntil **100 tonn maksimal biomasse i anlegget.**

Ved vesentlege endringar i drift eller utsleppstilhøve må verksemda søke om endring av løyvet, jamvel om produksjonen ligg innafor fastsett MTB grense.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom punkt 3 til 13 i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i Miljødirektoratet si liste over prioriterte stoff[2]. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av punkt 3 til 13, eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan påverknad på miljøet.

2.2 Plikt til å halde utsleppsgrenser

Verksemda pliktar å halde seg innanfor den produksjonsavgrensinga (MTB) som ligg i løyvet til einkvar tid.

2.3 Føre-var-prinsippet, plikt til å redusere ureining så langt som mogeleg, beste tilgjengelege teknologi (BAT)[3] og utskifting av utstyr

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrensar, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, dette gjeld også for støy, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett utrykkelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

---

[2] Forskrift om begrensning av forurensning, Vedlegg 1: Liste over prioriterte stoff, jf. § 29-6, første ledd.

[3] Omgrepet BAT (”best available techniques”) er i utgangspunktet knytt til verksemder som er omfatta av EU sitt IPPC-direktiv (direktiv 2008/1/EC om ”integrated pollution prevention and control”), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Forureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på forureiningsområdet: ”*For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater.”* BAT-dokumentasjon for akvakultur ligg føre frå Nordisk Ministerråd i rapporten TemaNord 2013:529, *Bat for fiskeopdræt i Norden*, www.norden.org/no/publikasjoner/publikasjoner/2013-529

2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift [4]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar alltid å ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 10.1.

2.7 Tiltak for å sikre mot viltskade

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdomen av artar i naturen. Verksemda pliktar å setje i verk førebyggande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsgrenser

Fisk skal ikkje overfôrast, eller fôrast på ein måte som kan medføre skade eller ulempe for det ytre miljøet. Verksemda skal bruke tørrfôr eller mjukfôr, eller fôr med tilsvarande gode eigenskapar med omsyn til oppløysning i vatn.

3.3 Sanitæravløpsvatn

Kommunen må godkjenne utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m. i samsvar med gjeldane regelverk/retningsliner frå forureiningsmyndigheitene.

3.4 Notimpregnering og reingjering

Anlegget er eit betonganlegg og det skal ikkje vere trong for notimpregnering.

4. Utslepp til luft

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar, uteareal, lagerområde, område for lossing/lasting, reinseanlegg og anlegg for behandling av slam, som kan medføre skade eller ulempe for

[4] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

miljøet, skal avgrensast så langt som mogeleg. Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulemper utanfor verksemda sitt område.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til sediment (sjøbotn) som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar heile tida å ha oversyn over mogleg forureina sediment under og like ved matfiskanlegget. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova frå Fylkesmannen[5].

6. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, for til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukt for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikaliane på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikaliane som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.[6]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[7] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som for eksempel kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekalier er tillate, men skal reduserast mest mogeleg. Fylkesmannen vil på bakgrunn av ny kunnskap kunne fastsette ein meir presis og eventuelt også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog og nytta som foreskrive. Slike utslepp er tillate ved lokaliteten uavhengig av om utsleppet skjer frå merd eller brønnbåt.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at kjemikal, inkludert legemiddel, over tid

akkumulerast i sedimenta i mengder som overstig miljøkvalitetsstandardar for sediment fastsett i eller i medhald av vassforskrifta. Viser miljøundersøkingar at slike miljøkvalitetsstandardar vert overskridne skal bedrifta sette i verk tiltak for å redusere utsleppa.

[5] Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 22. Mudring og dumping i sjø og vassdrag
[6] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a
[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

7. Støy

Anlegget skal verksemda utforme og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Utandørs støy frå verksemda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse grensene:

Kvardagar	**Kveld (kl. 19–23), kvardagar**	**Laurdagar (kl. 07-23)**	**Søn- og helgedagar**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**	**Natt (kl. 23–07), alle døgn**
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	45 L_{den}	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er definert som medelverdi. Med impuslsstøy eller rentonelyd er grensa 5 dBA lågare. Den strengaste grenseverdien leggjast til grunn når impulslyd førekjem med meir enn 10 hendingar per time.
$L_{evening}$ er A-vege ekvivalent støynivå for firetimers kveldsperiode frå 19-23.
L_{night} er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.
L_{AFmax} er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

8. Energi

8.1. Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.6. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.
Systemet skal være etablert innan 21.12.2019.

8.2. Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogeleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogeleg.

8.3. Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal rekne ut spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.4.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall[8], skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, som t.d. avfallsforskrifta[9].

Avfall som oppstår i verksemda, skal verksemda søkje å få gjenbrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til produksjon av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal oppdrettar utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

9.2. Organisk produksjonsavfall

Produksjonsavfall i form av død fisk, fôrrestar, slam, feitt med vidare skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Nedgraving eller dumping av slikt avfall i sjøen eller på land er ikkje tillate.

Verksemda sitt produksjonsavfall skal handterast slik at det i størst mogeleg grad kan utnyttast som ein ressurs:

- Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, eller liknande og førast til eige lager før levering til godkjent mottakar. Ved ensilering skal fisken kvernast. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.
- Oppsamla slam frå reinsing av produksjonsvatn og avløp skal så langt mogeleg utnyttast til gjødsel/jordforbetringsmiddel eller energiføremål. Verksemda må ha ein plan for handtering av slammet i tråd med gjeldande regelverk[10] på dette området. Transport til godkjent anlegg for mottak/bruk skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogeleg ulempe, lukt med vidare.

Død fisk og anna produksjonsavfall/slam som eventuelt inneheld restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid eller andre miljøfarlege stoff skal handterast slik at anna oppsamla produksjonsavfall som skal utnyttast som ressurs ikkje vert ureina. Dette må lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

9.3 Mikroplast

Engesund Fiskeoppdrett AS skal ha tiltaksplanar for å redusere utsleppa av mikroplast. Slike utslepp kjem frå slitasje av alle plastkomponentar som har avrenning til sjø. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr utstyr frå fôrslangar til nøter og tauverk.

10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

[8] Farleg avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall fordi det har eigenskapar som kan medføre forureining eller vere farleg for menneske eller dyr.

[9] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

[10] Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav, og anna relevant regelverk

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

10.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med utsleppsrelaterte utstyr, slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemda drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Dersom aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[11]. Verksemda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom fmhopostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1. Utsleppskontroll

Matfiskanlegg har indirekte rapportering av utslepp organisk materiale til vatn gjennom produksjonsrapporteringa via Altinn. Verksemda skal og kunne dokumentere sine utslepp av andre komponentar, som til dømes prioriterte miljøgifter, som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenkontrollrapportering. Rettleiaren ligg på www.miljødirektoratet.no.

11.2 Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere utsleppsdata frå siste år via www.altinn.no. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no.

[11] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

Ved gjennomgang av eigenkontrollrapportene vil vi for utslepp av stoff der utsleppsavgrensingane ikkje er fastsett gjennom presise grenseverdiar under punkt 3.1 og 4.1, stadig vurdere behov for å fastsette meir presise, og eventuelt strengare grenser.

10.4 Journalføring

Verksemda skal registrere og journalføre følgjande data:

- fiskemengd
- mengd daud fisk
- talet på rømt fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av og type og mengd:
  - antibiotika
  - pesticid
  - andre kjemikal
- avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 3 år og vere tilgjengeleg ved tilsyn.

12 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

12.1 Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta[12] og tilhøyrande klassifiseringsrettleiar[13] for miljøtilstand.

Utslepp frå matfiskanlegget skal ikkje føre til at organisk avfall akkumulerer over tid og at gravande botndyr (benthos) ikkje kan leve under eller i nærsona av merdane. Botnpåverknad frå oppdrett er størst nær anlegga og blir raskt mindre med aukande avstand. I influensområdet utanfor nærsona til utslepp frå akvakulturanlegg i sjøvatn eller frå utsleppspunkt i sjø frå akvakultur på land, skal tilstanden for djupvatn, blautbotnsfauna og sediment vere god, tilstandsklasse II eller betre etter vassforskrifta.

Utslepp frå akvakultur skal ikkje gi dårlegare tilstandsklasse i øvre vasslag om sommaren enn naturtilstanden. Strandsona i nærleiken av ein lokalitet skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna forureining frå akvakultur. Verksemda skal utføre jamleg, risikobasert miljøovervaking etter den til ein kvar tid gjeldande utgåve av NS 9410. Undersøkingane skal gjennomførast av uavhengig organ som er akkreditert for følgande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemisk analyse, P21 taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultata frå C-undersøkinga skal dokumenterast i ein rapport i samsvar med NS 9410. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknaden frå anlegget og tilrådde tiltak. Rapporten skal i grafisk og/eller tabellarisk form syne samanhengen mellom biomasse i anlegget og miljøtilstand.

Dersom ei C-undersøking viser at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den økologiske tilstanden i C3, C4 osv. er dårlegare enn moderat, skal bedrifta gjennomføre tilleggsundersøkingar etter nærare avklaring med Fylkesmannen i samsvar med NS 9410.

[12] Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

[13] Direktoratsgruppa Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

12.2 Krav til overvaking

Verksemda skal syte for overvaking av effektar av utsleppa til sjø etter eit risikobasert overvakingsprogram. Miljøovervakinga skal skje i samsvar med nasjonale standardar, og føringar i vassforskrifta og rettleiaren for klassifisering av miljøtilstanden i vatn.

Prøvetaking, analysar og fagleg vurdering skal gjennomførast i samsvar med krava i standardane som blir nytta. Lokaliteten Ådnekvamme har løyve til ei avgrensa produksjon. Kravet til overvaking av påverknad på miljøet skal tilpassast storleiken på produksjonen og eigenskapane ved resipienten. For lokaliteten Ådnekvamme er det viktig å overvake resipienten med oksygenmålingar i djupvatnet minst to gonger årleg. Elles pliktar verksemda å frå følgje den ein kvar tid gjeldande utgåva av NS9410. Resipientgranskingane (MOM C) skal utførast av akkrediterte organ.

Rapportar frå miljøgranskingar skal i grafisk og/eller tabellarisk form vise samanhengen mellom biomasse i anlegget og miljøtilstand, og eventuell trendutvikling på lokaliteten.

Verksemda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin ureiningseffekt på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan også bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltståande eller vedvarande program) i lag med andre verksemder med utslepp i området. Dette gjeld når det er fleire anlegg i same vassførekomst.

13 Granskingar og utgreiingar

13.1 Resipientgranskingar

Resultat og data frå rapportar frå resipientundersøkingar (MOM C) etter dei frekvensane som går fram av NS 9410, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på *Vannmiljø* sitt importformat, som er å finne på http://vannmiljokoder.miljødirektoratet.no. Her er også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med *Vannmiljø* sitt kodeverk.

14. Utskifting av utstyr

Dersom verksemda skal skifte ut utstyr som gjer at det er teknisk mogeleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet blei gitt, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

All utskifting av utstyr skal baserast på at dei beste tilgjengelege teknikkar, med sikte på å motverke forureining, skal nyttast.

15. Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

15. Nedlegging

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare krav til tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[14]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikaliar og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheitene føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

[14] Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter, eller dei er så små at dei må sjåast på å vere utan miljømessig verknad.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmere	**Vanlige forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorerte organiske sambindingar	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C_{10} - C_{13} (kloralkaner C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C_{14} - C_{17} (kloralkaner C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP
Einskilde tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Nitromusksambindingar	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP

Bisfenol A	BPA

Siloksaner	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350